



Det svinga verkelag av ORBO i natt på Dønhaug

**I helga har det vore servert ei opplevingspakke på eit i dobbel meining høgt nivå i Uskedalen. Den vart kalla Combo, samla 15 deltakarar frå Sauda, Stavanger og Bergen og bør inspirera til meir pakking. Denne var eit biprodukt av Festidalen og sjefspakkar var Bjørn Olav Tveit som er fornøgd med oppslutnaden sjølv om den burde ha vore større. Dette er vegen å gå hvis ein skal oppnå meir på turistfronten. Det må spelast på lag.**

Deltakarane harbudd på Dønhaug og det heile starta fredag med middag servert av ElinsMatgleder og fristande lysbilledpresentasjon av naturen i distriktet ved Erlend Hellingsrud frå Valen som er sentral i turlaget.

Laurdag stod opptur på programmet og målet var den 1300 meter høge Omnatind nær Rosendal. Det var litt disig då dei nådde toppen men turen var ellers perfekt, fortel Bjørn Olav.

Om kvelden var det eit nytt høgdepunkt og det fann stad i Dønhaugkjedlaren, som ikkje var fullsett men etterkvart vart prega av svært høg stemning. Osingen Ole Reiner Berg-Olsen (ORBO) hadde med seg sambygdingen Gina Aspenes som vokalist og bergensaren Reidar Opdal på tangentar og det vart ein rockekveld av dei ein vil minnst.

ORBO har kome med eit album med bidrag av ingen ringare enn Steinar Albrigtsen og Herbjørg Kråkevik og titlar som Heim til Os og Vossamadonna tyder på atartisten er kjenslemessig på veg mot heimlegetraktar. Han er i alle fall ein god lokal formidlar av musikk som det verkeleg svingar av. Allereie for 5 år sidan fekk han Spellemannspris, men han kan gjerne få fleire!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen